

Saksbehandlar: Sissel Lillebø Aarseth, Kulturavdelinga
Sak nr.: 16/140-1

Handlingsprogram 2016 kulturstrategi

::: Sett inn innstillingen under denne linja ↓

Fylkesdirektøren rår hovudutval næring og kultur til å gjere slikt vedtak:

Handlingsprogram 2016 kulturstrategi vert vedteke slik det ligg føre i vedlegg 1.

::: Sett inn innstillingen over denne linja ↑

... Sett inn saksutredningen under denne linja ↓

Vedlegg:

1. Handlingsprogram 2016 kulturstrategi.
2. Kulturstrategi 2015 – 2018
3. Evaluering av Handlingsprogram 2015.

Andre dokument som ikkje ligg ved:

1. Budsjett 2016/økonomiplan 2016-2019

SAKSFRAMSTILLING

1. Bakgrunn for saka

I gjeldande planperiode er det ikkje prioritert å utarbeide ein regional plan for kultur. Difor gir vedteken kulturstrategi 2015 -2018, jf vedlegg 2 den overordna retninga og prioriteringar for kulturarbeidet.

For å sikre gjennomføring og måloppnåing av strategien er det viktig at ein konkretiserer strategien gjennom eit årleg handlingsprogram, jf vedlegg 1. Dette er også ein lekk i å vere føreseielege ovanfor samarbeidspartane/partnarskapen.

Fylkesdirektøren koplår arbeidet med handlingsprogrammet til vedteke budsjett 2016 og økonomiplan, samt til målekart 2016.

2. Evaluering av handlingsprogram 2015

Handlingsprogram 2015 er evaluert, jf vedlegg 3. Det viser i stor grad at tiltaka er gjennomført. Nokre av tiltaka er vidareført til 2016.

3. Handlingsprogram 2016

Omstillingsarbeidet som fylkeskommunen er i, er ei særleg utfordring. Difor legg fylkesdirektøren berre fram årlege handlingsprogram. Det kunne vore naturleg å ha eit 4 års

perspektiv på handlingsprogrammet slik som strategien. Arbeidet med regional planstrategi og resultatet av omstillingsarbeidet i fylkeskommunen vil vise om strategien kan ligge til grunn for arbeidet vårt heile perioden, om vi kan utarbeide eit fleirårig handlingsprogram; evt om det må utarbeidast nye strategiar.

Handlingsprogrammet viser viktige prosjekt og utviklingsoppgåver for kultursektoren i 2016. Kombinert med regionale planar/fagplanar sine handlingsprogram, målekart og vedteke budsjett gir dette styringssignal og retning for kulturarbeidet.

4. Vurderingar og konsekvensar

Ved å følgje prioriteringane i handlingsprogram vil ein sikre måloppnåing og retning for kulturarbeidet i 2016.

5. Konklusjon

Handlingsprogram 2016 Kulturstrategi viser dei prioriterte utviklings- og prosjektsatsingane i kultursektoren i 2016.

[... Sett inn saksutredningen over denne linja ↑](#)